

Høyringsinnspel til intensjonsavtalar om ny kommune

Frå Radøy ungdomsråd 08.04.2016

Radøy Ungdomsråd skal vera eit råd og høyringsorgan for born og unge i kommunen. I den forbindelse ynskjer me å uttale oss om kva som ville vera sentralt for oss i ein ny storkommune.

Radøy vart årets barne og ungdomskommune 2014 for vårt fantastiske ungdomsmiljø og dei engasjerte ungdommane i kommunen. Me tenkjer at ein sentral person innanfor dette feltet var ungdomskoordinatoren, som bidrog stort til at me vann prisen. Difor tenkjer me at å behalde ungdomskoordinatorstillinga i ein ny kommune vil vera ein nøkkel til å behalde ungdomsmiljøet som me har jobba så lenge for.

Vidare har mange uorganiserte og organiserte ungdommar funnet plassen sin i kommunen gjennom ungdomshuset på Manger. Der har dei moglegheit til å spele, møte andre, drive med sport for leik og morro skyld, samstundes som nokon likar å hjelpe til i kiosken og få ansvar. Me i ungdomsrådet ser at mange ungdommar som ellers ville vore heima kjem på klubben der dei veks og blomstrar. Ungdomsklubben har hatt ein stor vekst sidan klubben opna i 2012. Frå 40 ungdommer til opp mot 150 ungdommer på ein klubbkveld. På klubben kjem ungdom frå alderen 13-19 år saman der me har fokus på inkludering, samhold og at klubben skal vere ein plass for alle uavhengig av interesse og behov. Ungdommene viser at det fungerer der yngre og eldre ungdommer hjelper ungdomskoordinatoren og gjer at det er mulig å drive ein klubb med så mange ungdommer på ein gang. Me har nulltoleranse for mobbing og rus og har oppretta oss eit godt rykte, og me veit kva som forventes av oss. Me syns ungdomsklubben i samband med ungdomskoordinatoren har vert med på å påvirke ungdommer og ungdomsmiljøet i ein god retning, der ungdomskriminalitet har gått ned, ein har fanga opp mange uorganiserte ungdommer og mange av ungdommene starter seinere med rusmiddel.

Ungdomsrådet ynskjer at dette gode tilbudet skal vere på Manger sånn som i dag. Med å flytte tilbudet ein annen plass som til dømes Knarvik kan føre til at færre ungdommer vil delta. Det vert for stort noko som vil påvirke ungdommer som slit og som er usikker og har behov for trygge rammer. Reiseavstanden vil gjere det vanskligere for ungdommer og delta, spesielt med det dårlige busstilbudet i regionen. Mange familier og ungdommer har ikkje råd til å betale for buss og det er ikkje alle som har muligheita til å verte køyrt. På vegne av dette ynskjer ungdomsrådet at dei vert høyrte og at ein tar vare på ungdomsklubben og ungdomskoordinatorstillinga i ein ny kommune.

Ei anna sak me har jobba med i år er busstilbudet til spesielt Sletta og Bøvågen, då det går lite bussar heim frå Manger og til Knarvik. Dette er eit anna punkt me meina er viktig i ein storkommune. Slik at hjørna i kommunen ikkje vert nedprioritert og "gløymt".

Ungdomsrådet i Radøy har utmerka seg og me er redde for kva som vil skjer med ungdomsrådet visst det vert ein ny kommune. Ungdomsrådet ynskjer at det skal vere ungdomsråd sånn som det er i dag i dei ulike kommunene og heller opprette eit stort ungdomsråd i tillegg med utvalte representanter. Med å bare ha eit ungdomsråd i storkommunen kan distrikta verte gløymt og færre ungdommer får muligheiten til å innvolvere seg å vere aktiv.

Fritidstilbod er det mykje av på Radøy der felleskap og engasjementet står sterkt. Lagånden står sterkt i Radøy. Ungdomsrådet håper at dei frivillige lag og organisasjonene som fotball, svømming, turn og korps og så vidare ikkje skal verte gløymt. Kontakten til kommunen må oppretthaldes, fasilitetene som idrettshaller og fotballbaner må framleis vere i distrikta. Ungdomsrådet er redd for at i ein stor kommune så vert til dømes fotballbaner og svømmebasseng kutta og at reisetiden vert forlenga. Ungdommer lærer mykje i organisasjonsarbeid som til dømes i 4H, fotballen, turn som dei tar med seg vidare i livet og det er viktig at dette ikkje vert gløymt i ein ny stor kommune. Svømmebassenget er ein viktig del av Radøy der små og store får muligheita til å lære å symje. Ungdomsrådet håper at svømmebassenget fortsett sånn som før.

Musikk og kulturskulen er ein viktig del av Radøy og ungdomsrådet ser det som viktig at tilbodet vil fortsette i ein stor kommune og at born og unge på Radøy vil få den samme muligheita i vårt distrikt som ein har i dag.

Ungdommene er fornøyde sånn som dei har det i dag og er redde for å bli slått saman i ein storkommune. Ungdomsrådet meiner ungdomsmiljøet er på Radøy er spesielt og er redd for at ei samanslåing vil påvirke miljøet til det negative. Me håper at stemmen vår vert høyrte og at punkta våre vert tatt med for det beste for born og unge på Radøy.

Vennleg helsing

Ingvild Brattetaule

Leiar i Radøy ungdomsråd